



Til:

Karl Kollbotn

Notat

Dykkar referanse	Vår referanse	Sakshandsamar	Dato
	2026/307-20	Veronika Skiftesvik Natås	01.09.2026

Status kaien på Tysse

I formannskapsmøtet 27.08 vart det stilt spørsmål om status og vidare plan for den kommunale kaien på Tysse, som tidlegare har fått skadar som følgje av is.

Det var sett av 500 000 kr i investeringsbudsjettet for 2025 til utbetring av kaien. Rådmannen var i kontakt med fleire entreprenørar for å avklare moglegheita for å gjennomføre nødvendige tiltak. Prosjektet viste seg å vere kompliser, og eitt kaifirma var villig til å ta på seg oppdraget, men hadde ikkje kapasitet til å gjennomføre arbeidet innanfor budsjettåret 2025. Tiltaket kom difor ikkje i gang, og midlane vart ikkje nytta til føremålet.

Tiltaket vart dessverre ikkje vidareført i investeringsbudsjettet for 2026. Saka kan vurderast på nytt i samband med budsjett og økonomiplan for perioden 2027–2030. Ei eventuell løyving kan då sjåast i samanheng med og vurderast opp mot andre investeringsbehov i kommunen.

Med helsing

Veronika Skiftesvik Natås
kommunalsjef samfunnsutvikling